


Vedlegg til
tilvising til Barne-, ungdoms- og familieetaten

SENTER FOR FORELDRE OG BARN



Bufdir

Informasjon om barnet

Namn:

Fødselsnummer (11 siffer):

Namn og fødselsnummer (11 siffer) på sysken som er tilvist saman med dette barnet / denne forelderen / desse foreldra:



1

Synspunkta til og medverknaden frå barnet og foreldra

Barnet har ein sjølvstendig rett til å medverke i alle høve som gjeld han eller ho, og på alle stadium i en barnevernssak. Dette er heimla i barnevernloven §1-6. For at retten til å medverke skal vere reell, må

barnet få tilstrekkeleg og tilpassa informasjon og høve til fritt å gje uttrykk for synspunkta sine. Synspunkta og motivasjonen hos foreldra står sentralt i inntaksarbeidet til senter for foreldre og barn.

<ul style="list-style-type: none"> • Korleis har barnet medverka i prosessen om å skulle bu på senter for foreldre og barn? • Kven har snakka med barnet, og korleis har det barnet meiner, vorte formidla? • Kva vil det føre til av endringar for barnet og i kvardagen til barnet å bu på senter for foreldre og barn? • Korleis har foreldra medverka i prosessen om å skulle ta imot opphald på senter for foreldre og barn som tiltak? • Korleis er motivasjonen til foreldra? • Er opphaldet eit frivillig eller pålagt hjelpetiltak? • Korleis skildrar foreldra den aktuelle situasjonen for barnet og familien? • Kva meiner foreldra om å skulle ta imot opphald på senter for foreldre og barn som tiltak? • Kva for ynske har foreldra til opphaldet for familien? 	Beskriving og vurdering
--	-------------------------



2

Kartlegging av slekt og nettverk

- Er slekta og nettverket til barnet/familien kartlagde?
- Kven kan vere ein ressurs for barnet/familien under og etter opphaldet?
- Har barnet og foreldra vorte informerte om familieråd?
- Kor nyttig vurderer kommunen at familieråd er for denne familien?

Beskriving og vurdering



3

Beskrivingar, vurderingar og grunngevingar frå barneverntenesta

Bufetat skal i samarbeid med barneverntenesta vurdere kva for barn og familiar som skal få tilbod om plass på senter for foreldre og barn. Dei skal òg hjelpe til med å kvalitetssikre eit forsvarleg tiltaksval. Vurderingane byggjer på utgreiinga til og dei faglege vurderingane frå barneverntenesta.

Spørsmåla under kvart tema er sentrale hjelpespørsmål til vurderinga frå barneverntenesta. Svar på spørsmåla så utfyllande som råd er ut frå det de veit om saka. Dei vurderingane barneverntenesta har av faktorane for vern og risiko, for barnet bør takast med her.

3.1 Vurdering frå barneverntenesta ved val av tiltak

- Kva for mål har barneverntenesta med tiltaket?
- Beskriv eventuelle konklusjonar frå undersøkingar/kartleggingar/utredningar som er relevante for val av tiltak.
- Beskriv kort og kronologisk eventuelle tidlegare barnevernstiltak og vurderingar av desse.
- Korleis vurderer og vektlegg barneverntenesta synspunkta frå barnet / foreldra / dei føresette?

Beskriving og vurdering

3.2 Beskrivingar og vurderingar av barnet

Beskriv her kva barneverntenesta har kjennskap til om korleis barnet fungerer.

- Kva for styrker kjenner barneverntenesta til hos barnet?
- Er det kjennskap til om barnet har vanskar med å regulere kjensler? Korleis kjem dette i så fall til syne?
- Er det kjennskap til om barnet har vanskar med å regulere seg i samspel med andre barn eller vaksne? Korleis kjem dette i så fall til syne?
- Er det kjennskap til om barnet har vanskar med konsentrasjonen? Korleis kjem dette i så fall til syne?
- Er det kjennskap til om barnet har vanskar med å regulere impulsar? Korleis kjem dette i så fall til syne?
- Er det kjennskap til om barnet har vanskar med å regulere matinntaket? Korleis kjem dette i så fall til syne?
- Er det kjennskap til om barnet har vanskar med svevn? Korleis kjem dette i så fall til syne?
- Er det kjennskap til om barnet har forseinka eller mangelfull utvikling emosjonelt, kognitivt, motorisk/fysisk og/ eller sosialt? Korleis kjem dette i så fall til syne?
- Uttrykker barnet kjensler og behov på ein måte som er uheldig for barnet sjølv eller andre? I så fall korleis?
- Beskriv kjend informasjon om den fysiske helsa til barnet.
- Beskriv kjend informasjon om den psykiske helsa til barnet.
- Er det kjennskap til om barnet har vore eksponert for rus under svangerskapet? Korleis kjem dette i så fall til syne?

Beskriving og vurdering

Fleire spørsmål på neste side

- Er det kjennskap til om barnet har vore utsett for potensielt traumatiske opplevingar, flyttingar og relasjonsbrot? I så fall, beskriv.
- Ved tilvising om bistand til ufødt barn: Beskriv kva barneverntenesta kjenner til om korleis svangerskapsomsorgen har vore.

Beskriving og vurdering

3.3 Beskriving av aktuell problematikk i familien og omsorgsutøvinga til foreldra (omsorgskapasitet)

Beskriv her kva barneverntenesta har kjennskap til om korleis foreldra fungerer i kvardagen. På eit senter for foreldre og barn må foreldra kunne ivareta det daglege ansvaret for barnet. Foreldra må difor ha eit minimum av omsorgsdugleik. Før og etter innflytting må det vurderast om tiltaket er forsvarleg ut frå det barnet treng av omsorg og utvikling, og om det er trygt for familien og dei tilsette på institusjonen.

- Kva for styrkar kjenner barneverntenesta til hos foreldra?
- Er det kjennskap til i kva grad foreldra greier å strukturere og planleggje kvardagen?
- Er det kjennskap til i kva grad foreldra syt for sikring og fysisk trygging av barnet?
- Er det kjennskap til i kva grad foreldra møter dei emosjonelle behova barnet har?
- Er det kjennskap til i kva grad foreldra syner forståing for og aktiviserer barnet på ein god måte ut frå kor gammalt barnet er?
- Er det kjennskap til i kva grad foreldra har eit godt samspel med barnet? (Syner dei barnet positive kjensler og glede, er dei merksame mot barnet og justerer seg, følgjer dei initiativ frå barnet, gjev dei støtte, ros og anerkjenning, gler dei seg over felles opplevingar, set dei ord på og gjev mening til felles opplevingar, set dei grenser m.m.)
- Er det kjennskap til korleis foreldra handterer sinne og konflikt og/eller om det er eller har vore valdsproblematikk i familien?
- Er det kjennskap til om foreldra har vanskar knytt til psykisk helse eller traume?
- Beskriv kjend informasjon om den fysiske helsa til foreldra.

Beskriving og vurdering

Fleire spørsmål på neste side

- Er det kjennskap til kognitive vanskar hos foreldra? Er det kjennskap til i kva grad dette i så fall påverkar korleis forelderen forstår og fungerer?
- Er det kjennskap til om foreldra har ei form for psykisk utviklingshemming? Er det kjennskap til i kva grad dette i så fall påverkar korleis forelderen forstår og fungerer?
- Er det kjennskap til om foreldra har opplevd omsorgssvikt i eigen oppvekst og/eller har manglande røynsle med god omsorg?
- Mottek ein eller både foreldra legemiddelassistert behandling (LAR) utan aktivt rusmisbruk?
- Er det kjennskap til misbruk av legemiddel, alkohol eller andre rusmiddel?
- Kva kontakt har familien med hjelpeapparatet elles?
- Er det andre tilhøve i miljøet rundt familien som påverkar omsorgskapasiteten til foreldra? Dette kan vere til dømes manglande nettverk, økonomi, bustad, akutt krise eller ein vanskeleg livssituasjon.

Beskriving og vurdering